



Innspill til arbeidet med stortingsmelding om marint vern

Statsråd!

Fiskeria er meir enn nokon avhengig av produktive økosystem, og vern er berre eitt av fleire virkemidlar for å oppnå dette.

Fiskebåt har vore positiv til å verne bunnhabitat, både for å bevare representative naturtypar, og for å sikre produktive økosystem. Fiskebåt tok blant anna initiativ til å miljøsertifisere norske fiskeri etter MSC-standard, som stiller strenge krav til vern av blant anna bunnhabitat og økosystem. Fiskeflåten medverka også konstruktivt til identifisering og vern av korallrev langs norskekysten, og totalt 18 områder med kaldtvannskorallar er no verna heilt eller delvis for fiskeriaktivitet.

Fiskebåt gikk for få år sidan saman med russiske kolleger og dei største fiskeimportørane i Europa og forhandla fram den såkalla Greenpeace-avtalen om frivillig vern av urørte områder i Arktis. Dette i samanheng med at mindre is i Barentshavet auka utbreiinga av viktige fiskebestander og gjorde nye områder tilgjengelig for fiske.

Greenpeace-avtalen førte seinare til endringar i det norske lovverket for å beskytte sårbare marine økosystem. Fiskebåt hadde ein svært god dialog med Havforskningsinstituttet og Fiskeridirektoratet i dette arbeidet, som resulterte i at store områder i Barentshavet blei definert som nye fiskeområder og i praksis stengte for fiske med botnberørande redskap. I tillegg blei 10 utvalgte områder i det som blei definert som eksisterande fiskeområder stengt for alt fiske for å verne ein representativ bunnfauna.

Det er ei målsetjing å verne 30% av verdas havområder. Dette målet er nok mest mynta på havområder som er vesentlig dårlegare forvalta enn dei områda som Norge rår over. Det er samtidig eit faktum at godt over 40% av norske havområder allereie er verna gjennom ulike arealbaserte tiltak i medhald av fiskerilovgivinga, tiltak som er parallelle til marine verneområde (såkalla OECM-tiltak – other effective conservation measures).

Det er mulig at dagens vern ikkje fullt ut ivaretek kravet til representativitet og økologisk samanheng. Fiskebåt er derfor positiv til å medverke til ein gjennomgang av vernetiltaka sørover langs norskekysten for å sikre betre representativitet, tilsvarande det som blei gjort i Barentshavet. Målet må vere å finne effektive vernetiltak som i liten grad hindrar utøvinga av fisket.

Fiskebåt er opptatt av at vern av havområder ikkje skal bli eit mål i seg sjølv. Fisk er sunn og klimavenleg mat, og det er ei målsetjing å fiske tildelte kvoter i Norge. Dersom viktige fiskeområder blir stengt vil dette krevje auka innsats for å fiske kvotane, noko som vil føre til større utslepp av skadelege miljøgassar, og til auka botnpåvirkning.

Fiskebåt er skeptisk til å utvide virkeområdet for naturmangfaldlova utover territorialgrensa. Fiskerimyndighetene har vist seg ansvaret verdig når det gjeld å sikre marint vern, og miljømyndighetene har også i dag god anledning til å påverke beslutningsprosessen.

Når det gjeld forholdet til andre næringar, og deira aktivitet, er det fullt mulig å regulere dette gjennom dei løyva som blir gitt, utan å utvide virkeområdet for naturmangfaldlova. Det er dessutan ikkje meir vern som er svaret på utfordringane knytta til arealkonflikter til havs, men ein arealplan som reduserer konfliktnivået.

Takk for merksemda!

Ålesund 8. desember 2020

Jan Ivar Maråk

Fiskebåt